



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet
Møtedato:	27.11.2025
Møtetid:	09:00 - -14:30
Møtestad:	Kommunehuset, Sætremarka 2, Møterom Børilden

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Morten Sognnes	ordfører	H	
Per Lerøy	varaordfører	AP	
Ann Kristin Leirvåg	medlem	AP	
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	medlem	SP	

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Hege Ramsland	medlem	H

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Frank Erik Øksnes	varamedlem	U	

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Ketil Tjore	møtesekretær
Britt Mary Skaalevik Lerøy	kommunedirektør
Trine Merete Jansen	kommunalsjef
Bjarte Rosenlund	kommunalsjef
Odd Harald Dommersnes	økonomi- og HR-sjef
Asbjørn Nagell Toft	plansjef
Ronja Tvedt Nordanger	sakshandsamar

Møteprotokollen vert publisert på kommunen si nettside. Den er mellombels godkjent av utval sleiar eller ordfører i etterkant av møtet, og vert endeleg godkjent i neste møte.

Ketil Tjore, møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 102/2025	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 103/2025	Godkjenning av møteprotokoll frå 30. oktober 2025	
PS 104/2025	Referatsaker	
RS 35/2025	Gjeldsrapport for oktober 2025	
RS 36/2025	Skatteoversikt til og med oktober 2025 - frå Statsforvaltaren	
RS 37/2025	Rapport interimrevisjon	
RS 38/2025	Tildeling fra havbruksfondet 2025	
PS 105/2025	Delegerte vedtak formannskapet - med journaldato 16.10.2025 til 19.11.2025	
OS 11/2025	Orienteringsak: Søknad om dispensasjon til føresegn § 3.1.2 detaljregulering Breivik/Åråsvågen/Sætremarka, plan ID 2014004	
OS 12/2025	Orienteringar frå kommunedirektøren - FS 27. november 2025	
PS 106/2025	Klagehandsaming - betongdekke og Kaifront - gbnr. 131/26/52/53	
PS 107/2025	Tilsynsstrategi for 2026	
PS 108/2025	Godkjenning av planprogram for Områdeplan for Austrheim kommunesenter, planid. 46322025001	
PS 109/2025	Dispensasjon for oppføring av bod/reiskapshus på gbnr. 152/32 - Litlelindås	
PS 110/2025	Etablering av omsorgsbustader i Austrheim - innhenta tilbod frå Allstad	
PS 111/2025	Rullering av prioriteringsliste for vatn og avlaup (VA)	
PS 112/2025	Lokal forskrift for VA-gebyr i Austrheim kommune	
PS 113/2025	Innføring av rentepåslag på startlån	
PS 114/2025	Oppmoding om busetting av flyktningar i 2026	

- PS 115/2025 Justering av festeavgiftene på gravplassane - 2026
- PS 116/2025 Økonomirapportering oktober 2025
- PS 117/2025 Låneopptak til kjøp av areal - lukka sak - sakspapira ligg i 2025/1979
- PS 118/2025 Budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029 - vedtak

PS 102/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent.

Sak 102/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste
Formannskapet - 27.11.2025

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 102/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste
Formannskapet - 27.11.2025

Innkalling og sakliste vart godkjent.

PS 103/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå 30. oktober 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent

Sak 103/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå 30. oktober 2025
Formannskapet - 27.11.2025

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 103/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå 30. oktober 2025
Formannskapet - 27.11.2025

Møteprotokollen frå sist møte vart godkjent.

PS 104/2025 Referatsaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Formannskapet tek referatsakene til vitande.

Sak 104/2025 Referatsaker
Formannskapet - 27.11.2025

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 104/2025 Referatsaker

Formannskapet - 27.11.2025

Formannskapet tok referatsakene til vitande.

RS 35/2025 Gjeldsrapport for oktober 2025

RS 36/2025 Skatteoversikt til og med oktober 2025 - frå
Statsforvaltaren

RS 37/2025 Rapport interimrevisjon

RS 38/2025 Tildeling fra havbruksfondet 2025

PS 105/2025 Delegerte vedtak formannskapet - med journaldato
16.10.2025 til 19.11.2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Formannskapet tar dei delegerte vedtaka til vitande.

Sak 105/2025 Delegerte vedtak formannskapet - med journaldato 16.10.2025 til
19.11.2025

Formannskapet - 27.11.2025

Handsaming:

Plansjef Asbjørn Toft orienterte om dei delegerte vedtaka.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 105/2025 Delegerte vedtak formannskapet - med journaldato 16.10.2025 til 19.11.2025
Formannskapet - 27.11.2025

Formannskapet tok dei delegerte vedtaka til vitande.

OS 11/2025 Orienteringsak: Søknad om dispensasjon til føresegn § 3.1.2 detaljregulering Breivik/Åråsvågen/Sætremarka, plan ID 2014004

Sak 11/2025 Orienteringsak: Søknad om dispensasjon til føresegn § 3.1.2 detaljregulering Breivik/Åråsvågen/Sætremarka, plan ID 2014004
Formannskapet - 27.11.2025

Handsaming:

Plansjef Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga. Administrasjonen treng formannskapet si støtte til å gje ferdigattestar og mellombels bruksløyve til bustader utan at rekkjefølgjekrav om ballbane/leikeplass og VA er på plass. Kommunen ønskjer framleis å få desse krava oppfylt , men vil vera positive også til å få folk i hus.

Per Lerøy (Ap) spurte om korleis ein jobbar med å få ferdigstilt vegnettet, VA og leikeplass/ballbane. Kommunalsjef Bjarte Rosenlund sa at det er jobba opp mot buet til Markhus-konsernet, for å få signert avtalar kring utbygging av VA. Kommunen har vist til at det er vanskeleg for buet å få selt tomter her, utan at VA-utbygginga er på plass.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) støtta dispensasjonen, men ønskjer å sikra seg at dette kjem på plass temmeleg raskt, og ikkje først om 5-10 år.

Per Lerøy (Ap) viste til at det er avsett 370.000 kroner til arbeid i Kystlandsbyen, midlar som er frå fylket, og som ein kan trekka inn i denne diskusjonen.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 11/2025 Orienteringsak: Søknad om dispensasjon til føresegn § 3.1.2 detaljregulering Breivik/Åråsvågen/Sætre marka, plan ID 2014004
Formannskapet - 27.11.2025

Formannskapet tok orienteringa til vitande.

OS 12/2025 Orienteringar frå kommunedirektøren - FS 27. november 2025

Sak 12/2025 Orienteringar frå kommunedirektøren - FS 27. november 2025
Formannskapet - 27.11.2025

Handsaming:

Det blei orientert om ulike saker.

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund orienterte om plan for justeringar av VA-avgifter. Dette er også ført under sak 112/2025 - Lokal forskrift for VA-gebyr i Austrheim kommune.

- Det vert størst auke for dei under 90 kvadratmeter, det kjem av at dagens forskrift er snart 30 år gammal, og forskjellane over/under 90 kvadratmeter har vakse vidare i den perioden.
- Frank Erik Øksnes spurte om kor mange som er over/under 90 kvadratmeter, Rosenlund svara at det kan ein få fram i orienteringa til kommunestyret.
- Per Lerøy (Ap) og Frank Erik Øksnes (Uavh) sa at dette er ein stor auke for dei under 90 kvadratmeter, Rosenlund svara at dette er nok ein kan finrekna på for å justera. Økonomi- og HR-sjef Odd Harald Dommersnes viste til at det kanskje er totalt sett få bustader under 90 kvadratmeter, slik at det ikkje å verkar så mykje inn på kommuneøkonomien.
- Formannskapet diskuterte litt korleis endringa vil slå ut for hytter, som for ein del er under 90 kvadratmeter.
- Frank Erik Øksnes (Uavh) spurte om kor mykje fastleddet skal utgjera, Rosenlund svara at dette kan ein få lagt fram når saka skal leggest fram for kommunestyret..
- Frank Erik Øksnes (Uavh) spurte om ein kan bruka prosentpåslag, Rosenlund viste til at det berre vil auka forskjellen mellom små og store hus, og forsterka situasjonen med at dei med store hus, og næringskundar subsidierer dei med små hus.

Kommunalsjef Bjarthe Rosenlund orienterte om prioritering asfalt 2026, samt vedlikehald av kaiar med meir.

- For asfaltering er det laga ei prioritert liste for 2026. Kostnaden er ca. 1000 kroner/meteren. Leirvågsvegen og Leikvoll er høgast prioritert..
- Per Lerøy ba om at det vart brukt stadnamn Kvalvågen og ikkje Toftegård, og sa vidare at denne veggen bør utbetrast sidan det er eit byggefelt i enden av veggen.

Kommunalsjef Bjarthe Rosenlund orienterte om status for prosjekt:

- Kaland barnehage, arbeidet er i rute
- Helse- og omsorgstun, arbeidet er i rute, styringsgruppa kjem med si innstilling som skal til politisk handsaming i februar 2026
- VA Solend-Førland, arbeidet pågår, asfalt over nyttår. Her sa kommunedirektør Britt Lerøy at entreprenøren har varsla kostnadsauke på grunn av nye krav til masser, vil kosta kring 3,5 millionar kroner pluss MVA. Kommunedirektøren har sendt over heile prosjektet til eigen jurist, for å ta ein full gjennomgang. Har ikkje godkjent denne siste prisauken frå entreprenøren Nordhordland Grunn og Betong.
- Per Lerøy (Ap) sa at standardkostnader er 3500 kroner for ein meter vassleidning, 10000 kroner for ein meter fortau, og 1 million for ein kilometer veglys. Men ser raskt at i dette terrenget er det ikkje eigna for standardkostnader. Meiner at i denne saka så er det ikkje nødvendigvis feil at ein lar entreprenøren prosjektera, det har vore brukt andre stader, men skulle ikkje har starta arbeidet før prosjekteringa var ferdig.
- Kommunedirektør Lerøy sa vidare at administrasjonen vil komma tilbake til formannskapet i denne saka, når ein har meir oversikt over kva som er gjort frå kommunen, entreprenøren og frå fylket som også er ein part i dette.

Økonomi- og HR-sjef Odd Harald Dommersnes orienterte om arbeidet med eigedomsskatt. Presentasjonen vert ettersendt til formannskapet.

- Dommersnes viste til at det er viktig at medlemmene i skattenemnd og klagenemnd møter når dei er innkalla. Spesielt når det er innkalla eksterne deltakarar til møtet, som advokatar, som skal ha betalt også om møtet viser seg å ikkje vera vedtaksdyktig.
- Ann-Kristin Leirvåg (Ap) sa at ho som medlem av valutvalet kan ta på seg å ta kontakt med dei aktuelle medlemmene i nemndene, for å minna dei om dette.
- Per Lerøy (Ap) viste til at det er viktig at dei folkevalde ikkje uttalar seg om eigedomsskatten, dette er det nemndene som tar stilling til, både først skatten og seinare eventuelle klager. Økonomisjef Dommersnes stadfesta at dette er viktig, det kan skapa vanskar om dei folkevalde har uttala seg om slike skattesaker.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 12/2025 Orienteringar frå kommunedirektøren - FS 27. november 2025
Formannskapet - 27.11.2025

Formannskapet tok orienteringane til vitande.

PS 106/2025 Klagehandsaming - betongdekke og Kaifront - gbnr.
131/26/52/53

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Formannskapet i Austrheim tek ikkje klagen over dispensasjon til følgje.
2. Formannskapet i Austrheim tek ikkje klage over løyve til Kaifront og Naust til følgje.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreinga.

Vedtaket er heimla i forvaltningslova § 33.

Saka vert sendt til Statsforvalteren for endeleg avgjerd, jf. plan- og bygningslova § 1-9

Sak 106/2025 Klagehandsaming - betongdekke og Kaifront - gbnr. 131/26/52/53
Formannskapet - 27.11.2025

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes (H) sa at det er vurdert at ein ikkje treng synfaring i denne saka, sidan det har vore synfaringar der tidlegare.

Plansjef Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 106/2025 Klagehandsaming - betongdekke og Kaifront - gbnr. 131/26/52/53
Formannskapet - 27.11.2025

1. Formannskapet i Austrheim tek ikkje klagen over dispensasjon til følge.
2. Formannskapet i Austrheim tek ikkje klage over løyve til Kaifront og Naust til følge.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreinga.

Vedtaket er heimla i forvaltningslova § 33.

Saka vert sendt til Statsforvalteren for endeleg avgjerd, jf. plan- og bygningslova § 1-9

PS 107/2025 Tilsynsstrategi for 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune vedtek tilsynsstrategi for 2026 slik den ligg føre. Grunngjevinga er gjeve i saksutgreinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningsloven § 25-1, jf. byggesaksforskrifta § 15-1.

Sak 107/2025 Tilsynsstrategi for 2026
Formannskapet - 27.11.2025

Handsaming:

Plansjef Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 107/2025 Tilsynsstrategi for 2026

Formannskapet - 27.11.2025

Austrheim kommune vedtek tilsynsstrategi for 2026 slik den ligg føre. Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningsloven § 25-1, jf. byggesaksforskrifta § 15-1.

PS 108/2025 Godkjenning av planprogram for Områdeplan for Austrheim kommunesenter, planid. 46322025001

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune godkjenner vedlagt planprogram for **Områdeplan for Austrheim kommunesenter, planid. 46322025001**. Grunngevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova sin § 12-9.

Sak 108/2025 Godkjenning av planprogram for Områdeplan for Austrheim kommunesenter, planid. 46322025001

Formannskapet - 27.11.2025

Handsaming:

Plansjef Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Per Lerøy (Ap) ba om at ein ser på det som ligg i planarbeidet om ei miljøgate frå Mastrevik-krysset til "Kvile-krysset", for å sjå kva som kan realiserast.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 108/2025 Godkjenning av planprogram for Områdeplan for Austrheim kommunesenter, planid. 46322025001
Formannskapet - 27.11.2025

Austrheim kommune godkjenner vedlagt planprogram for **Områdeplan for Austrheim kommunesenter, planid. 46322025001**. Grunngevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova sin § 12-9.

PS 109/2025 Dispensasjon for oppføring av bod/reiskapshus på gbnr. 152/32 - Litlelindås

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune gjev på vilkår dispensasjon frå LNF-område (kommuneplanen sin arealdel) og frå 100 metersbeltet i strandsona/sjø og for plassering og bygging av omsøkte bod/reiskapshus på gbnr. 152/32.

1. Det må søkjast om formelt byggjeløyve om dispensasjon vert endeleg godkjent.
2. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 29-4, § 19-2, jf. § 11-6 og § 1-8, samt naturmangfaldlova §§ 8-12.

Saka vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for klagevurdering.

Sak 109/2025 Dispensasjon for oppføring av bod/reiskapshus på gbnr. 152/32 - Litlelindås
Formannskapet - 27.11.2025

Handsaming:

Plansjef Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 109/2025 Dispensasjon for oppføring av bod/reiskapshus på gbnr. 152/32 - Litlelindås
Formannskapet - 27.11.2025

Austrheim kommune gjev på vilkår dispensasjon frå LNF-område (kommuneplanen sin arealdel) og frå 100 metersbeltet i strandsona/sjø og for plassering og bygging av omsøkte bod/reiskapshus på gbnr. 152/32.

1. Det må søkjast om formelt byggjeløyve om dispensasjon vert endeleg godkjent.
2. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 29-4, § 19-2, jf. § 11-6 og § 1-8, samt naturmangfaldlova §§ 8-12.

Saka vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for klagevurdering.

PS 110/2025 Etablering av omsorgsbustader i Austrheim - innhenta tilbod frå Allstad

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innstilling frå formannskapet, vedtak i kommunestyret:

1. Austrheim kommune ønskjer å motta tilbod frå Allstad om leige av omsorgsbustader og eventuelle tenestefunksjonar primært på tomta ved Mastrevik torg.
2. Administrasjonen får fullmakt til å starte arbeidet med innhenting av tilbod på konsept frå Allstad, Samfond, med høve for kommunen til å gjere vanlege leigetakartilpassingar.
3. Saka skal leggjast fram for politisk handsaming på nytt når tilbod og finansieringsmodell ligg føre.

Sak 110/2025 Etablering av omsorgsbustader i Austrheim - innhenta tilbod frå Allstad
Formannskapet - 27.11.2025

Handsaming:

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Per Lerøy spurte om at det vart tatt med vidare i prosjektet at det vert mogleg med to soverom, Rosenlund svara at det vert notert med tanke på det vidare arbeidet.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 110/2025 Etablering av omsorgsbustader i Austrheim - innhenta tilbod frå Allstad
Formannskapet - 27.11.2025

Formannskapet si innstilling til kommunestyret:

1. Austrheim kommune ønskjer å motta tilbod frå Allstad om leige av omsorgsbustader og eventuelle tenestefunksjonar primært på tomte ved Mastrevik torg.
2. Administrasjonen får fullmakt til å starte arbeidet med innhenting av tilbod på konsept frå Allstad, Samfond, med høve for kommunen til å gjere vanlege leigetakartilpassingar.
3. Saka skal leggjast fram for politisk handsaming på nytt når tilbod og finansieringsmodell ligg føre.

PS 111/2025 Rullering av prioriteringsliste for vatn og avlaup (VA)

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Oppdatert prioriteringsliste for vatn og avlaup 2026 vert vedtatt slik den ligg føre (vedlegg)

Handlingsprogrammet vert rullert årleg i samband med økonomiplanen.

Sak 111/2025 Rullering av prioriteringsliste for vatn og avlaup (VA)

Formannskapet - 27.11.2025

Handsaming:

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Vasstårnet på Årås er no kopla frå nettet, og tømt for synfaring og utbetring av rustskadar.
- Per Lerøy (Ap) spurte om det er mogleg å jamna ut trykket i Åråsfeltet i samband med dette arbeidet. Rosenlund svara at ein vil få tatt deler av Åråsfeltet i samband med det arbeidet som er planlagt. Får ein tetta lekkasjar vil det komma seg noko, og planen er også å setja ned fleire kummer og splitta opp vassnettet i feltet med fleire "ringleidningar".

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 111/2025 Rullering av prioriteringsliste for vatn og avlaup (VA)

Formannskapet - 27.11.2025

Oppdatert prioriteringsliste for vatn og avlaup 2026 vert vedtatt slik den ligg føre (vedlegg)

Handlingsprogrammet vert rullert årleg i samband med økonomiplanen.

PS 112/2025 Lokal forskrift for VA-gebyr i Austrheim kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet legg framlegg til «Lokal forskrift for VA - Austrheim kommune - utkast» ut på offentlig høyring.

Høyringsperioden er sett til 4 veker.

Sak 112/2025 Lokal forskrift for VA-gebyr i Austrheim kommune

Formannskapet - 27.11.2025

Handsaming:

I samband med denne saka orienterte Marianne Kramer frå Vann Vest om deira arbeid, og om sjølvkostområdet vatn/avlaup. Presentasjonen er ettersendt til formannskapet.

- På spørsmål om auke i estimerte avgifter viste Kramer til at krav frå EU er venta å gje auka krav frå kring 2028, utan at ein veit dette sikkert per no.
- Om krav til reinsing og utslepp viste Kramer til at kva som er definert som tettbebyggd kan påverka korleis nye EU-krav vil slå ut i Norge.
- Bergen Vann har sett i verk ei resipientundersøking i heile regionen, vil gje svar også for Austrheim.
- Om overvann inn i avløpsnettet viste Per Lerøy til at det skapar vanskar for kapasiteten om overvatnet går inn i avlaupet. Kramer la til at det må gjerast eit arbeid for å drenera vatnet før det kjem i avlaupssystemet.
- Morten Sognnes sa at Bergen har komme langt, Kramer la til at det har skjedd mykje i Bergen etter Giarda-smitten som vart spreidd gjennom drikkevatnet.
- Det var diskutert litt kring digitale målarar og krav til kontroll av Justervesenet. Kramer sa at dersom ein får opp eit godt system for internkontroll, kan ein kommunane få ta denne justeringa sjølv.

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund orienterte om saka, jamfør saksframlegget.

- Fleire målepunkt i regi av kommunen, samt auka bruka av vassmålarar, gjer det lettare å oppdaga lekkasjar og få utbetra desse.
- Forskrifta slik den ligg no, rettar opp i ujamnheiter som ligg i den gamle forskrifta.
- Morten Sognnes (H) spurte om kva som skjer med dei som alt har skaffa seg vassmålar, Rosenlund svara at det vil gjelda nye vassmålarar, dette er noko ein kan presisera i forskrifta.

- Morten Sognnes (H) spurte om innføring av kommunale målarar, Bjarte Rosenlund sa at det er lagt opp til ei gradvis innfasing, for dei som har investert i sin eigen private målar.

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund orienterte i sak 12/2025, Orienteringar frå kommunedirektøren, om plan for justeringar av VA-avgifter. Dette er også ført her under sak 112/2025 - Lokal forskrift for VA-gebyr i Austrheim kommune.

- Det vert størst auke for dei under 90 kvadratmeter, det kjem av at dagens forskrift er snart 30 år gammal, og forskjellane over/under 90 kvadratmeter har vakse vidare i den perioden.
- Frank Erik Øksnes spurte om kor mange som er over/under 90 kvadratmeter, Rosenlund svara at det kan ein få fram i orienteringa til kommunestyret.
- Per Lerøy (Ap) og Frank Erik Øksnes (Uavh) sa at dette er ein stor auke for dei under 90 kvadratmeter, Rosenlund svara at dette er nok ein kan finrekna på for å justera. Økonomi- og HR-sjef Odd Harald Dommersnes viste til at det kanskje er totalt sett få bustader under 90 kvadratmeter, slik at det ikkje å verkar så mykje inn på kommuneøkonomien.
- Formannskapet diskuterte litt korleis endringa vil slå ut for hytter, som for ein del er under 90 kvadratmeter.
- Frank Erik Øksnes (Uavh) spurte om kor mykje fastleddet skal utgjera, Rosenlund svara at dette kan ein få lagt fram når saka skal leggest fram for kommunestyret.
- Frank Erik Øksnes (Uavh) spurte om ein kan bruka prosentpåslag, Rosenlund viste til at det berre vil auka forskjellen mellom små og store hus, og forsterka situasjonen med at dei med store hus, og næringskundar subsidierer dei med små hus.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 112/2025 Lokal forskrift for VA-gebyr i Austrheim kommune
Formannskapet - 27.11.2025

Formannskapet legg framlegg til «Lokal forskrift for VA - Austrheim kommune - utkast» ut på offentleg høyring.

Høyringsperioden er sett til 4 veker.

PS 113/2025 Innføring av rentepåslag på startlån

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune innfører eit rentepåslag på 0,25 prosentpoeng på startlån, for å dekke inn administrative utgifter ved ordninga. Påslaget vert gjort gjeldande på alle nye lån som vert innvilga etter at påslaget er vedteke av kommunestyret.

Austrheim kommune lånte i 2024 inn 10 millionar kroner til nyordninga med startlån til førstegangsetablerarar. Det har vist seg vanskeleg å få lånt ut desse midlane, og det som ikkje er lånt ut eller vil bli lånt ut i 2025, vil bli tilbakebetalt Husbanken som eit ekstraordinært avdrag.

Sak 113/2025 Innføring av rentepåslag på startlån

Formannskapet - 27.11.2025

Handsaming:

Sakshandsamar Ketil Tjore gjorde greie for saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 113/2025 Innføring av rentepåslag på startlån

Formannskapet - 27.11.2025

Austrheim kommune innfører eit rentepåslag på 0,25 prosentpoeng på startlån, for å dekkja inn administrative utgifter ved ordninga. Påslaget vert gjort gjeldande på alle nye lån som vert innvilga etter at påslaget er vedteke av kommunestyret.

Austrheim kommune lånte i 2024 inn 10 millionar kroner til nyordninga med startlån til førstegangsetablerarar. Det har vist seg vanskeleg å få lånt ut desse midlane, og det som ikkje er lånt ut eller vil bli lånt ut i 2025, vil bli tilbakebetalt Husbanken som eit ekstraordinært avdrag.

PS 114/2025 Oppmoding om busetting av flyktningar i 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak: Austrheim kommune imøtekjem ikkje IMDi si oppmoding om å busette 14 flyktningar i 2026. Austrheim kommune ønskjer busette 10 flyktningar i 2026.

Sak 114/2025 Oppmoding om busetting av flyktningar i 2026

Formannskapet - 27.11.2025

Handsaming:

Kommunalsjef Trine M. Jansen orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Medrekna dei som skal busettast i desember 2025, har Austrheim teke i mot 96 flyktningar frå Ukraina.
- Dei statlege overføringane i samband med mottak av flyktningar gjev størst inntekt dei første åra, men lågare seinare. Har hatt overskot på desse tenestene så langt.
- Ser at mottaket av flyktningar har gitt eit stort press på bustader, lite tilgjengeleg og leigeprisane er høge.
- Per Lerøy (Ap) viste til at det er diskutert på medlemsmøte i Ap. Ser at det kan vera utfordringar med å ha nok bustader, og med å skaffa arbeidsplassar. Støttar at ein seier ja til 10 og ikkje 14 som lmdi har bedt kommunen om å ta i mot.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 114/2025 Oppmoding om busetting av flyktningar i 2026

Formannskapet - 27.11.2025

Austrheim kommune imøtekjem ikkje IMDi si oppmoding om å busette 14 flyktningar i 2026.
Austrheim kommune ønskjer å busette 10 flyktningar i 2026.

PS 115/2025 Justering av festeavgiftene på gravplassane - 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Austrheim vedtar følgjande festeavgifter, gebyr for utanbygds gravlegging og gebyr for namneplater i minnelund.

1. Reglar for avgiftene

- a) Nye avgifter skal gjelda frå 1. januar 2026.
- b) Alle avgiftene blir justerte på slutten av kvart år, tilsvarende konsumprisindeksen.
- c) Maksimal periode for festeavgift er 5 år.
- d) Det er mogeleg å avtala festeavgift for ein kortare periode enn 5 år.

2. Gebyrsatsar

- a) Årleg festeavgift for kistegraver mellom 20 og 60 år: **620 kr**
- b) Årleg festeavgift for urne og barnegraver mellom 20 og 60 år: **310 kr**
- c) Årleg festeavgift for kistegraver over 60 år: **1.035 kr**
- d) Årleg festeavgift for urne og barnegraver over 60 år: **515 kr**
- e) Reservasjon av kistegrav (dobbelgrav): Eingongsavgift tilsvarende 20 års festeavgift til den ein kvar tid gjeldande nivå på festeavgifta (**kr 12.400** etter 2026-pris).
Reservasjonsavgifta kan ikkje refunderast.
- f) Reservasjon av urnegrav i namna minnelund: Reservasjonsavgift tilsvarende 20 års festeavgift. (**kr 6.200** etter 2026-pris). Avgifta kan ikkje refunderast.
- g) Namneplate i namna minnelund: kr **4.000** inkl. mva (2026-pris, ikkje auka frå 2025)
- h) Utanbygds urnegravlegging:
 - Gravlegging kr **6.000** inkl. mva (2026-pris, ikkje auka frå 2025)
 - Festeavgift kr **6.000** inkl. mva (2026-pris, ikkje auka frå 2025)
- i) Utanbygds kistegravlegging:
 - Gravlegging kr **12.000** inkl. mva (2026-pris, ikkje auka frå 2025)
 - Festeavgift kr **12.000** inkl. mva (2026-pris, ikkje auka frå 2025)

Sak 115/2025 Justering av festeavgiftene på gravplassane - 2026

Formannskapet - 27.11.2025

Handsaming:

Kommunalsjef Trine M. Jansen orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 115/2025 Justering av festeavgiftene på gravplassane - 2026

Formannskapet - 27.11.2025

Kommunestyret i Austrheim vedtar følgjande festeavgifter, gebyr for utanbygds gravlegging og gebyr for namneplater i minnelund.

1. Reglar for avgiftene

- a) Nye avgifter skal gjelda frå 1. januar 2026.
- b) Alle avgiftene blir justerte på slutten av kvart år, tilsvarande konsumprisindeksen.
- c) Maksimal periode for festeavgift er 5 år.
- d) Det er mogeleg å avtala festeavgift for ein kortare periode enn 5 år.

2. Gebyrsatsar

- a) Årleg festeavgift for kistegraver mellom 20 og 60 år: **620 kr**
- b) Årleg festeavgift for urne og barnegraver mellom 20 og 60 år: **310 kr**
- c) Årleg festeavgift for kistegraver over 60 år: **1.035 kr**
- d) Årleg festeavgift for urne og barnegraver over 60 år: **515 kr**
- e) Reservasjon av kistegrav (dobbelgrav): Eingongsavgift tilsvarande 20 års festeavgift til den ein kvar tid gjeldande nivå på festeavgifta (**kr 12.400** etter 2026-pris). Reservasjonsavgifta kan ikkje refunderast.
- f) Reservasjon av urnegrav i namna minnelund: Reservasjonsavgift tilsvarande 20 års festeavgift. (**kr 6.200** etter 2026-pris). Avgifta kan ikkje refunderast.
- g) Namneplate i namna minnelund: **kr 4.000** inkl. mva (2026-pris, ikkje auka frå 2025)
- h) Utanbygds urnegravlegging:
 - Gravlegging **kr 6.000** inkl. mva (2026-pris, ikkje auka frå 2025)

Festeavgift **kr 6.000** inkl. mva (2026-pris, ikkje auka frå 2025)

i)Utanbygds kistegravlegging:

Gravlegging kr **12.000** inkl. mva (2026-pris, ikkje auka frå 2025)

Festeavgift kr **12.000** inkl. mva (2026-pris, ikkje auka frå 2025)

PS 116/2025 Økonomirapportering oktober 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet tar orienteringa til vitande

Sak 116/2025 Økonomirapportering oktober 2025

Formannskapet - 27.11.2025

Handsaming:

Økonomi- og HR-sjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 116/2025 Økonomirapportering oktober 2025

Formannskapet - 27.11.2025

Formannskapet tok orienteringa til vitande.

PS 117/2025 Låneopptak til kjøp av areal - lukka sak - sakspapira ligg i 2025/1979

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Saka med vedtaksframlegg og vedlegg er unnateke offentlegheit, og vert sendt ut separat frå den ordinære innkallinga til møta 27. november (formannskapet) og 4. desember (kommunestyret).

Saka er unnateke med heimel i Offl. § 13 (Opplysningar som er underlagde teieplikt), jf. Fvl. § 13 2. ledd

Sak 117/2025 Låneopptak til kjøp av areal - lukka sak - sakspapira ligg i 2025/1979
Formannskapet - 27.11.2025

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 117/2025 Låneopptak til kjøp av areal - lukka sak - sakspapira ligg i 2025/1979
Formannskapet - 27.11.2025

Saka blei handsama bak lukka dører, med heimel i Offl. § 13, jf. Fvl. § 13 2. ledd.
Sakspapira ligg i Elements sak 2025/1979

PS 118/2025 Budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029 - vedtak

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek:

1. Kommunestyret vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett 2026 og handling og økonomiplan 2026-2029 slik det ligg føre.

2. Kommunestyret godkjenner driftsbudsjettet for 2026 slik det går fram av §5-4 løyvingsoversikt drift første ledd.

3. Kommunestyret godkjenner investeringsramma 2026 slik det går fram av §5-5 løyvingsoversikt investering andre ledd.

4. Kommunestyret godkjenner finansiering av investeringsbudsjettet for 2026 slik det går fram av §5-5 løyvingsoversikt investering første ledd.

5. Det vert teke opp kr. 17 814 000,- i lån til å finansiere investeringar i varige driftsmidlar og VA i tråd med investeringsplanen.

6. Investeringsmidlar på VA, sjølvkost, er budsjettert til 15 000 000,- pr. år i økonomiplanperioden 2026-2029.

7. Det vert teke opp lån i Husbanken til vidareformidling (startlån) på inntil kr 7 500 000,- pr. år i økonomiplanperioden 2026-2029.

8. Økonomiplan for 2026-2029 og årsbudsjett for 2026 blir vedteke, jf. Bevilgningsoversikt drift §5-4 og økonomisk oversikt drift §5-6. Årsbudsjettet for 2026 blir vedteke på sum netto driftsrammer for dei ulike hovudområda.

9.. Finansielle måltal for utvikling av kommunen sin økonomi, jf. kommunelova § 14-2 c), vert lagt opp ut frå slike målsetjingar i kommande fireårsperiode:

a) Netto driftsresultat skal i økonomiplanperioden i snitt vere minimum 1,75% av brutto driftsinntekter, men skal i perioden gå mot eit måltal på 2,5 %.

b) Gjeldsgrad (netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter) på maksimalt 85%.

c) Disposisjonsfondet skal vere på minimum 13% av brutto driftsinntekter.

10. Kommunedirektøren vert gjeven fylgjande fullmakter innanfor budsjettet sine rammer (jf. Økonomireglement og kommunen sitt finansreglement):

a) Budsjettreguleringar som fylgjer av sentrale og lokale lønnsoppgjer.

b) Budsjettreguleringar innanfor sektorane sine rammer.

c) Gjennomføre låneopptak av nye lån og refinansiere tidlegare låneopptak. Her under aksept av lånevilkår og underskrift av gjeldsbrev på vegne av kommunen.

d) Avgjere oppstart av investeringar finansiert av ubundne fond, og sal av driftsmidlar og eigedom.

e) Fordeling av bevilling til småinvesteringar innafor ei ramme på 100 000,- kroner.

f) Regulering av teknisk art innanfor drift og finans.(jf. finansreglementet)

g) Overføre unytta investeringsmidlar frå 2025 til 2026.

11. Kommunedirektøren vert gjeven fullmakt til å "fryse" budsjettpostar og ledige stillingsheimlar, dersom situasjonen skulle tilseie det.

12. Kommunestyret skriv ut eigedomsskatt på næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum jf. eigedomsskattelova (esktl.) § 3 første ledd bokstav d.

Eigedomsskattesatsen vert vidareført med 7 promille, jf esktl § 11 første ledd.

Utskrivingsalternativet omfattar også flytande oppdrettsanlegg i sjø, jf. Esktl. § 4 tredje ledd. Takstvedtekter for eigedomsskatt i Austrheim kommune vedtatt i kommunestyret i K[1]sak 083/17 i møte 14.12.2017, skal gjelde for eigedomsskatteåret 2026, jf. esktl. § 10. For eigedomsskatteåret 2025 skal det også skrivast ut eigedomsskatt på eit «særskilt fastsett grunnlag» i tråd med overgangsregelen eigedomsskattelova §§ 3 og 4 første ledd.

Eigedomsskatten vert skriven i to (2) terminar per år, jfr. Esktl paragraf 25 fyrste ledd i samband med kommunale avgifter.

Siste alminnelege taksering i kommunen vart gjennomført i 2016.

13. Det vert gjeve ei ramme på kr 1.203.286- til kontrollutvalet.

14. Austrheim kommune gjev driftstilskot til følgjande organisasjonar:

a. Austrheim Kyrkjelege Fellesråd kr 4 000 000,-

b. TV-aksjonen kr 30 000,-

15. Investeringsstilskot til Austrheim kyrkjelege fellesråd kroner 150 000,- kvart av åra i økonomiplanperioden

16. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.

17. Godtgjersle til ordførar blir sett til same løn som stortingsrepresentantar og løn til varaordførar er 12 % av ordførar si løn for 2026. Stortinget sin lønskommisjon gjer årleg framlegg i innstilling om godtgjersle for stortingsrepresentantane og løna til ordførar og varaordførar regulerast per mai 2026 i samsvar med endringar i løn til stortingsrepresentantar.

18. Marginavsetning av innbetalt skattebeløp blir sett til 10 %.

19. Kommunestyret godkjenner at avdrag vert betalt i tråd med kommunelova §14-18.

20. «Gebyr- og betalingssatsar 2026» vert vedtekne slik dei ligg føre.

Sak 118/2025 Budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029 - vedtak
Formannskapet - 27.11.2025

Handsaming:

Økonomi- og HR-sjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Frank Erik Øksnes (Uavh) sa at det er viktig for det vidaregåande tilbodet i Austrheim, og regionen elles, at ein tar i mot lærlingar.
- Per Lerøy (Ap) viste til at med eit måltal på 1 lærling per 500 innbyggjarar så er måltalet for Austrheim 6 lærlingar.
- Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) sa at det er eit samfunnsansvar å ta på seg utdanning av lærlingar og det kostar pengar.
- Ann-Kristin Leirvåg (Ap) sa at lærlingar er veldig viktige, kanskje meir enn Taf-elevar. Her kommenterte Per Lerøy (Ap) at Taf Helse--elevar også er viktige, kan vera at dei forsvinn etter læretida, men dei kan også komma tilbake som sjukepleiar eller lege.
- Kommunedirektør Britt S. Lerøy viste til at det kostar ein del pengar å ha lærlingar, mellom anna til opplæring, og i dagens økonomiske situasjon må ein prioritera, utan at det er bestemt noko tal.
- Frank Erik Øksnes (Uavh) viste til at lærlingar også er ein ressurs, det stadfesta Odd Harald Dommersnes som viste til at siste års lærlingar også kan gå inn som vikarar.
- Per Lerøy (Ap) ba om at administrasjonen kjem tilbake til politisk med spørsmålet om kor mange lærlingar ein skal ta inn.
- Formannskapet diskuterte søknaden frå Fønnes Bygdelađ om 250.000 kroner til deira prosjektet, det vart diskutert korleis ein kan støtta dette, til dømes ved å omdisponera 250.000 som er budsjetttert til opprusting av Hoplandskvernene/sag. Eige saksframlegg vart formulert:
"Formannskapet går inn for å gje 250.000 kroner til Fønnes bygdelađ som støtte til:
- Strandpromenade i Nordre Fønnesvågen – 200.000 kroner
- Badstove i Ervika, 50.000 kroner
Løyvinga vert finansiert ved å omdisponera 250.000 kroner frå det som er sett av til Hoplandskvernene og sagbruket."
- Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn ba om at kommunedirektøren ser på korleis ein kan driva legekontoret rimelegare. Kjem med eige innspel om dette til kommunestyret 11. desember.

- Økonomi- og HR-sjef Odd Harald Dommersnes sa at det er nøkterne innspel som har komme, opplever at det er forståing for at kommunen må gjera prioriteringar

Ordførar Morten Sognnes

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 118/2025 Budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029 - vedtak
Formannskapet - 27.11.2025

Austrheim kommunestyre vedtek:

1. Kommunestyret vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett 2026 og handling og økonomiplan 2026-2029 slik det ligg føre.
2. Kommunestyret godkjenner driftsbudsjettet for 2026 slik det går fram av §5-4 løyvingsoversikt drift første ledd.
3. Kommunestyret godkjenner investeringsramma 2026 slik det går fram av §5-5 løyvingsoversikt investering andre ledd.
4. Kommunestyret godkjenner finansiering av investeringsbudsjettet for 2026 slik det går fram av §5-5 løyvingsoversikt investering første ledd.
5. Det vert teke opp kr. 17 814 000,- i lån til å finansiere investeringar i varige driftsmidlar og VA i tråd med investeringsplanen.
6. Investeringsmidlar på VA, sjølvkost, er budsjettert til 15 000 000,- pr. år i økonomiplanperioden 2026-2029.
7. Det vert teke opp lån i Husbanken til vidareformidling (startlån) på inntil kr 7 500 000,- pr. år i økonomiplanperioden 2026-2029.
8. Økonomiplan for 2026-2029 og årsbudsjett for 2026 blir vedteke, jf. Bevilgningsoversikt drift §5-4 og økonomisk oversikt drift §5-6. Årsbudsjettet for 2026 blir vedteke på sum netto driftsrammer for dei ulike hovudområda.
9. Finansielle måltal for utvikling av kommunen sin økonomi, jf. kommunelova § 14-2 c), vert lagt opp ut frå slike målsetjingar i kommande fireårsperiode:
 - a) Netto driftsresultat skal i økonomiplanperioden i snitt vere minimum 1,75% av brutto driftsinntekter, men skal i perioden gå mot eit måltal på 2,5 %.
 - b) Gjeldsgrad (netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter) på maksimalt 85%.
 - c) Disposisjonsfondet skal vere på minimum 13% av brutto driftsinntekter.

10. Kommunedirektøren vert gjeven fylgjande fullmakter innanfor budsjettet sine rammer (jf. Økonomireglement og kommunen sitt finansreglement):

- a) Budsjettreguleringar som fylgjer av sentrale og lokale lønnsoppgjer.
- b) Budsjettreguleringar innanfor sektorane sine rammer.
- c) Gjennomføre låneopptak av nye lån og refinansiere tidlegare låneopptak. Her under aksept av lånevilkår og underskrift av gjeldsbrev på vegne av kommunen.
- d) Avgjere oppstart av investeringar finansierte av ubundne fond, og sal av driftsmidlar og eigedom.
- e) Fordeling av bevilling til småinvesteringar innafor ei ramme på 100 000,- kroner.
- f) Regulering av teknisk art innanfor drift og finans.(jf. finansreglementet)
- g) Overføre unytta investeringsmidlar frå 2025 til 2026.

11. Kommunedirektøren vert gjeven fullmakt til å "fryse" budsjettpostar og ledige stillingsheimlar, dersom situasjonen skulle tilseie det.

12. Kommunestyret skriv ut eigedomsskatt på næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum jf. eigedomsskattelova (esktl.) § 3 første ledd bokstav d.

Eigedomsskattesatsen vert vidareført med 7 promille, jf esktl § 11 første ledd.

Utskrivingsalternativet omfattar også flytande oppdrettsanlegg i sjø, jf. Esktl. § 4 tredje ledd. Takstvedtekter for eigedomsskatt i Austrheim kommune vedtatt i kommunestyret i K[1]sak 083/17 i møte 14.12.2017, skal gjelde for eigedomsskatteåret 2026, jf. esktl. § 10. For eigedomsskatteåret 2025 skal det også skrivast ut eigedomsskatt på eit «særskilt fastsett grunnlag» i tråd med overgangsregelen eigedomsskattelova §§ 3 og 4 første ledd.

Eigedomsskatten vert skriven i to (2) terminar per år, jfr. Esktl paragraf 25 fyrste ledd i samband med kommunale avgifter.

Siste alminnelege taksering i kommunen vart gjennomført i 2016.

13. Det vert gjeve ei ramme på kr 1.203.286- til kontrollutvalet.

14. Austrheim kommune gjev driftstilskot til følgjande organisasjonar:

- a. Austrheim Kyrkjelege Fellesråd kr 4 000 000,-
- b. TV-aksjonen kr 30 000,-

15. Investeringstilskot til Austrheim kyrkjelege fellesråd kroner 150 000,- kvart av åra i økonomiplanperioden

16. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.

17. Godtgjersle til ordfører blir sett til same løn som stortingsrepresentantar og løn til varaordfører er 12 % av ordfører si løn for 2026. Stortinget sin lønskommisjon gjer årleg framlegg i innstilling om godtgjersle for stortingsrepresentantane og løna til ordfører og varaordfører regulerast per mai 2026 i samsvar med endringar i løn til stortingsrepresentantar.

18. Marginavsetning av innbetalt skattebeløp blir sett til 10 %.

19. Kommunestyret godkjenner at avdrag vert betalt i tråd med kommunelova §14-18.

20. «Gebyr- og betalingssatsar 2026» vert vedtekne slik dei ligg føre.

21. Formannskapet går inn for å gje 250.000 kroner til Fønnes bygdelag som støtte til:

- Strandpromenade i Nordre Fønnesvågen – 200.000 kroner

- Badstove i Ervika, 50.000 kroner

Løyvinga vert finansiert ved å omdisponera 250.000 kroner frå det som er sett av til Hoplandskvernene og sagbruket.